

5000 meter passert på Aconcagua

10.01.2011

**Sør-Amerikas høgste fjell Aconcagua (6962 meter) har besøk av
12 nordmenn og ein av dei
er Morten Nilsen med sterke røter i Uskedalen.
Gruppa har no passert 5000 meter og
har i dag hatt eit akklimatiseringsopphald på 5050 meter over havet.
Dei er på ein camp som kallast Camp Canada.**

Då dei hadde kontakt med Noreg sundag ettermiddag Argentinatid snødde det,
men det var godt håp om betre ver dagen etter.

Alt utstyr er no frakta opp til Camp Canada der dei blir i 2 dagar
før gruppa etablerer seg i ein ny og høgare leir.

Alle er friske og ved godt mot sjølv om dei fleste tar til å merka
høgda. Alle har så langt kome godt gjennom akklimatiseringa.

På biletet over er gruppa i låglandet i Chile
før dei starta turen på Aconcagua, med Morten omtrent midt i biletet.

Av Ola Matti Mathisen